



Notat

Dato: 15.12.2015
Arkivsak: 2015/10634-2
Saksbehandlar: sigaard

Til: Hogne Haktorson, sekretariatet for Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Konsesjonskraft - orientering om anke til Høgsterett og behandling

I hht. delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune pkt.C. - Delegasjon etter særlov pkt. 36. Lov om mekling og rettargang i sivile saker (tvistelova) av 17.06.205 nr.90 skal fylkesutvalet ha melding om saker som gjeld anke, kjæremål eller gjenopptaking, og om forlik og rettskraftig dom. På bakgrunn av dette vert det lagt fram orientering om sak som er anka til Høgsterett.

I fylkesutvalsmøte 26.01.2012, sak 31/12 fekk fylkesrådmannen fullmakt til å bringe sak om reduksjon av levering av konsesjonskraft for perioden mars 2009 til januar 2010 frå kraftstasjonane Suldal 1, Svandalsflona og Novle inn for domstolane.

Kort om bakgrunnen for saka.

Saka gjeld krav om erstatning etter ikkje levert konsesjonskraftleveranse til Rogaland og Hordaland fylkeskommunar frå Hydro Energi AS og Røldal-Suldal Kraft AS.

Tvisten kan beskrivast kort slik: På grunn av eit rørysamanbrot i Suldal I kraftstasjon mars 2011, vart det total stans i kraftproduksjonen ved dette anlegget. Anlegget er eit av i alt 8 kraftverk som er utbygd i medhald av konsesjon for utbygging av Røldal og Suldalvassdraget, som vart gjeve i 1962. Kraftprodusentane stansa leveransen av konsesjonskraft til forholdet var utbetra, i ca. 10 månader. Fylkeskommunane motsette seg dette. Dei viste til at konsesjonsvilkåra fastlegg ei plikt til å levera konsesjonskraft som motyting for løyvet til vassdragsutbygging og utnytting av vassressursane.

Det saka dreier seg om er om det føreligg leveringsfritak som følgje av force majeure.

Sakgang i rettsapparaten.

Hordaland og Rogaland fylkeskommune gjekk til sak og Bergen Tingrett avsa dom i saka 30.mai 2014. Prosessfullmektig for Hordaland og Rogaland fylkeskommune i saka er Advokatfirmaet Haavind As v/ advokatane Håkon Bleken og Aksel Tannum.

I dom frå Bergen Tingrett vart Hydro Energi As og Røldal Suldal Kraft AS frifunne og kvar av partane bar sine eigne sakskostnader. Av dommen går det fram at retten var i tvil om resultatet og at det hadde vore gode grunnar til å få saka prøvd for retten. Saka vart vurdert av vår prosessfullmektig og rådet var at saka burde ankast inn for Lagmannsretten. Dette vart gjort og Gulatings lagmannsrett avsa dom i saka 20.08.2015.

Lagmannsretten tok ikkje anka til følgje og partane bar sine eigne sakskostnader. Ankefristen var 24.september 2015.

Også her uttrykte retten at det hadde vore tvil i saka, og at dei meiner at fylkeskommunane hadde god grunn til å prøva saka for domstolane, då spørsmålet om kva som utgjer force majeure ikkje har vore prøvd tidlegare for domstolane. Både vår prosessfullmektig og begge fylkeskommunane har visst at saka ikkje var opplagt, men at den krev ei prinsipiell avgjersle i domstolane, dette for å avklara forståinga av force majeure i konsesjonskraftsamanheng for framtida.

På bakgrunn av dette er saka anka til Högsterett.

Den 26. november 2015 traff Högsteretts sitt ankeutvalg avgjerd i spørsmålet om saka vart fremja.

Dette framgår av beslutninga:

"Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune har erklært anke over Gulatings lagmannsrets dom 20. august 2015 i sak nr. 14-147008ASD-GULA/AVD2 mot Hydro Energi AS og Røldal-Suldal Kraft AS. Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar har erklært partshjelp til fordel for de ankende parter. Partshjelpen er ikke bestridt.

Det ble truffet slik B E S L U T N I N G:

Anken tillates fremmet."

Dette til orientering.